



Styre: Fakultetsstyret ved HF

Dato: 23.05.2014

Styresak: 41/14

Arkivsaknr: 2011/3733-ARTH

Møtedato: 17.06.2014

Val til fakultetsstyret - gruppe B og D i perioden haust -14 og vår -15

Bakgrunn

Kvart år skal det velgast nye medlemmar frå gruppe B (mellombels tilsette i forskings- og undervisningsstillingar) og gruppe D (studentane) i fakultetsstyret ved HF. Protokollen for valet blir her lagt fram for fakultetsstyret.

Valprosessen:

Valet blei utlyst med oppslag på institutt og sentre, på Mi Side, via HF og HSU sine nettsider og ved e-post gjennom voteringsperioden. Forslagsfrist for kandidatar var 20. april, men den blei utvida til valstyremøtet 28. april.

Frå gruppe B kom det to forslag; stipendiat Benedikte Fjellanger Vardøy - vald til medlem – og stipendiat Trude Bukve, som blei varamedlem. Det manglar to vara, og valstyret vil supplere.

Frå gruppe D kom det 5 forslag. Voteringa ga slik samansetjing i fakultetsstyret: Medlemmer: Birger Berge, Victoria Troland, Torstein Stråtveit. Varamedlemmar: Eivind Hjertnes og Arnt-Robert Leganger. Vi manglar 3 vara, dersom det blir behov stiller HSU-styret med setje-vara.

Valet blei halde elektronisk, med voteringsperiode frå 12. til 19. mai. Voteringsprosent for gruppe D var 3,7 og frå gruppe B 16,5%. Valstyret diskuterer korleis deltakinga kan aukast.

Valresultatet er kunngjort på HF og HSU sine nettsider frå 21. mai.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret tek valet til etterretning.

Margareth Hagen
dekan

Trine Moe
fakultetsdirektør

Vedlegg: Valprotokoll



20. mai 2014

PROTOKOLL

VAL AV REPRESENTANTAR FRÅ GRUPPE B OG D I FAKULTETSSTYRET VED HF – PERIODEN HAUST 2014 OG VÅR 2015

Bakgrunn:

Gruppe B og D har val kvart år, og gruppe A og C kvart 4 år samstundes med val av dekanat.

Valstyret ved HF er ansvarleg for alle val ved fakultetet, og avgjer alle saker som ikkje er lagt til andre organ (§ 3.2 i valreglementet). Vedtak kan klagast inn etter § 18.

Gjennomføring av valet for perioden haust 2014 og vår 2015:

Valet på gruppe B og D blei kunngjort gjennom oppslag på institutt og sentre, på HF og HSU sine nettsider, på Mi Side, og ved e-post gjennom voteringsperioden til alle i manntalet.

Forslagsfrist for begge gruppene var 20. april, men blei utvida til 28. april.

Gruppe B skal ha 1 representant og 3 vara i fakultetsstyret.

Det var ikkje komne inn forslag innan fristen. Valstyret tok då kontakt med stipendiatane Benedikte Fjellanger Vardøy og Trude Bukve - som var føreslegne til eit anna utval. Dei takka ja til å stille. Vi manglar to vara for å ha rett tal kandidatar, og valstyret vil vurdere supplerings etter kvart.

Gruppe D skal ha 3 representantar og 5 vara, og innan utvida frist kom det inn 5 kandidatforslag (vedlagt). Vi manglar difor 3 vara, men HSU-styret vil stille med setjevara ved behov.

Kandidatane blei godkjende av valstyret i møte 28. april, og presenterte på HF og HSU sine nettsider rett etter.

Elektronisk avstemming gjennomført 12. til 19. mai. I perioden gikk det ut informasjons-e-postar via Outlook og Mi Side til alle i manntalet.

I gruppe B har 152 stemmerett, og 25 voterte. Valdeltaking 16,5 prosent.

I gruppe D har 2959 stemmerett, 109 voterte, som gir 3,7 % deltaking. Dette er ein liten oppgang frå i fjor.

Valkøyringa gikk 19. mai, og resultatet blei kunngjort 21. mai på HF og HSU sine nettsider.

Dei som ønskjer det, kan få nærare informasjon om valet og valoppgjeret ved å ta kontakt med valstyret ved HF eller valsekretær Arnhild Thorseth på fakultetssekretariatet.

Valresultat:

Gruppe B (mellombels tilsette):

Medlem: Stipendiat Benedikte Fjellanger Vardøy, IF, varamedlem: stipendiat Trude Bukve, LLE. Vi manglar 2 varafolk, og valstyret vil vurdere supplering.

Gruppe D:

Medlemmar: Birger Berge, Victoria Troland, Torstein Stråtveit. Varamedlemmar: Eivind Hjertnes og Arnt-Robert Leganger. Vi manglar 3 vara, og dersom det blir behov stiller HSU-styret med setje-vara.

Godkjenning av valet:

Valstyret godkjende i møte 28. mai valet samrøystes.

Klagefrist:

Det er 8 dagars klagefrist på valet etter kunngjering.

VALSTYRET

Jørgen Bakke, gruppe A, leiar



Kjersti Aarstein, (gruppe B),



Elisabeth Dalby Pedersen (gruppe
D)



Ingrid Geuens, gruppe A, nestleiar



Mette Dalhaug (gruppe C)

Bergen, 28. mai 2014

